



Hus i Myro, sentralt i Uskedalen, er seld.

Det er etter tilhøva god omsetnad på hytter og hus i Uskedalen. Ei hytte og ein fritidseigedom på Skorpo er seld i vår og nyleg er det seld to hus i sentrum. Uskedalen er på mange måtar ei attraktiv bygd i Kvinnherad, ytterst i Hardangerfjorden og fint plassert i høve til regionane Hardanger og Sunnhordland. Mange ynskjer å bu sentralt med kort veg til butikk, skule, barnehage og andre sentrumsfunksjonar.

- Ein større fritidseigedom med hus, naust og kai i Longevåg på nordsida av Skorpo er seld
- Ei hytte med høg standard på Nautaneset på Skopro er seld
- Eit hus frå 1990 talet i Myro, alt på eit plan og universelt utforma, er nyleg seld
- Eit eldre hus i sentrum med uthus og hage, der Anders Bringedal frå 1919 dreiv Lundheim Landhandleri, er stadfesta seld
- Ein seksjon i Uskedalen Brygge, Beinavikjo, er seld

Sal og overdraging av gardsbruk det siste året vert eiga sak på Uskedalen.no. Meld gjerne frå dersom det er andre eigedomssal dei to siste månadene.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Jan Gjertsen / Kristian Bringedal



Hytte på Nautaneset på Skorpo med flott utsikt mot Melderskin har fått ny eigar.